



Vår referanse: 25/247
Acos.Møte.Mellomlag
Facade_Api.Models.J
ournalpost
Saksbehandlar: Kim Andre
Ekremsæter
Dato: 25.08.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
117/25	Formannskapet	02.09.2025

Forvaltningsplan for hjortevilt - Vanylven kommune 2025-2030 - Klar for utsending til høyring

Samandrag:

Vedtekne driftsplanar for hjort i dei fire utmarkslaga gikk ut i 2024. I 2025 skulle det normalt vore utarbeidd nye driftsplanar for hjorteforvaltninga vidare.

Vanylven kommune ynskjer at ein i forkant av nye planar får vedtatt overordna forvaltningsplan for hjorteforvaltninga. Dette er tidkrevande arbeid som gjer at ein ikkje rakk å få denne på plass før hjortejakta tar til i 2025.

Dette gjer at ein har bedt driftsutvalet om at driftsplanane som gjaldt til 2024 vart vidareført med eit år. Til også gjelde for 2025. I påvente av at ein har på plass forvaltningsplan, som legg føringar for arbeidet med nye driftsplanar i utmarkslaga frå 2026.

Saka var handsama i driftsutvalet sak DU - 20/25

"Vanylven kommune gjev dispensasjon til utmarkslaga for bruk av siste vedtekne driftsplanar til 2024, også i 2025. I påvente av at ny overordna forvaltningsplan for hjort vert utarbeida i 2025.

Søre Vanylven utmarkslag får tildelt 312 frie dyr, Hovda utmarkslag frå tildelt 400 frie dyr,

Syvde utmarkslag får tildelt 180 frie dyr, Rovde utmarkslag får tildelt 226 frie dyr. For hjortejakt i 2025."

(Merk at det for Hovda utmarkslag skal vere 300 frie dyr ikkje 400)

Formannskapet 02.09.2025

Behandling:

Samrøystes vedtak som framlegget.

FO - 117/25 Vedtak

Formannskapet tilrår:

Forvaltningsplan for hjort i Vanylven kommune for 2025-2030 vert sendt på høyring til partane i 6 veker. Formannskapet vil vedta endeleg plan etter at høyringstida er over.

Kommunedirektøren si tilråding:

Forvaltningsplan for hjort i Vanylven kommune for 2025-2030 vert sendt på høyring til partane i 6 veker. Formannskapet vil vedta endeleg plan etter at høyringstida er over.

Vedlegg:
FORVALTNINGSPLAN FOR HJORT 2025-2030

Saksopplysningar:

Det er no utarbeidd ein forvaltningsplan for hjortevilt i perioden 2025-2030. Vanylven kommune har eit overordna ansvar for å sikre forvaltning av hjort. Denne planen legg opp til forvaltning med driftsplanar for utmarkslaga opp til 5 år frå 2026.

Målet med planen er å legge tydelege føringar for hjorteforvaltninga i Vanylven kommune, der utmarkslaga får felles forståing og forutsetningar for å lage driftsplanar i tråd med overordna forvaltningsplan.

Vurdering og konklusjon:

Ein overordna forvaltningsplan vil legge gode føringar for vidare arbeid med driftsplanar for dei fire utmarkslaga. Dette vil vere med på å gi føringar som bidreg til likare planar mellom valda og jaktfelta.

Utkast til planen vert sendt ut til høyring i 6 veker til utmarkslaga, bondelaget, skogeigarlaget, nabokommunar og fylkeskommunen. Etter høyringsfristen er gått ut, vil innspela bli vurdert og eventuelt arbeid inn i plan. Forvaltningsplanen skal til formannskapet til endeleg godkjenning.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør